



Trass endringar i tenestetilbodet vil truleg Hagetunet halda fram med å ha ein viktig funksjon for eldre og funksjonshemma i lokalsamfunnet.

Representantar frå Uskedal Helselag og Uskedal Utvikling vil vera med på Dialogkafe i Helgheim, onsdag 16. januar på dagtid. Det er Kvinnherad kommunen som inviterer til samlinga som vil ha fokus på den eldre delen av befolkninga. Dialogkafeen vert skipa til for å få innspel til arbeidet med ny kommunedelplan for omsorg, helse og sosiale. Det som før har vore delplanar, vil no bli samla i ein felles helse- og sosialplan.

Eldrebylgja i åra framover tvingar fram omstilling og endring i tenestetilbodet. I ny kommunedelplan må ein ta stilling til kva som er viktig å ta vare på av det som har vore og kva endringar som er naudsynt for å sikra ei funksjonell teneste i framtida.

Aktuelle spørsmål vil vera:

- Korleis fremja god helse og trivsel for eldre
- Korleis og kor vil vi bu når vi vert eldre
- Korleis skapa eit aldersvenleg lokalsamfunn
- Korleis sikra naudsynt omsorg når helsa sviktar

Ny kommunedelplan vil mellom anna ha med ei skildring av førebygging, aktivitet, arbeid og sosialt fellesskap. Lokalisering av tenestetilbodet vil alltid vera viktig. Det same gjeld frivillig sektor og det store arbeidet som vert gjort som ulønna innsats i alt omsorgsarbeid.

Mona Enes frå Uskedalen er ansvarleg for samlinga på onsdag. Ho jobbar i rådmannen sin stab med fagleg ansvar for helse- og sosiale tiltak. Til møte i Uskedalen på onsdag er det mellom anna invitert medlemmer frå helse- og sanitetslag, Røde Kors Omsorg, eldrelag, dei sosiale møteplassane og frå ulike seniorgrupper.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal